Sak 7/15

Professor (ph.d.) Bjørn Henning Østenstad
Postadresse: Det juridiske fakultet, Postboks 7806, N-5020 Bergen.
Telefon: 55 58 95 81 (a), 988 05 949 (mob.)
E-post: Bjorn.Ostenstad@jur.uib.no

Til Studietuvalet
(her)

Jus 123 (Forvaltningsrett II) – framlegg til nye læringsmål og revidert pensum

Vedlagt ligg framlegg til nye læringsmål og revidert pensumliste for Jus 123 (Forvaltningsrett II).

Læringsmåla er gjennomgått og (forsøkt) reformulert i samsvar med krava i Nasjonalt Kvalifikasjonsrammeverk. Intensjonen om at det skal vere ei kopling mellom emna frå den spesielle forvaltningsrett og den allmenne forvaltningsrett er gjort tydelegare.

Pensum er også revidert. Som hovudlitteratur gjer eg framlegg om å vidareføre utdrag frå Eckhoff/Smith, *Forvaltningsrett*, Kjønstad/Syse, *Velfredserett I* og Bugge, *Lærebok i miljøforvaltningsrett*. I alle desse bøkene er det gjort ein del kutt. I tillegg gjer eg framlegg om at det blir teke inn enkelte kapittel frå Karl Harald Søvig (red.)), *Forholdsmessighetsvurderinger i forvaltningsretten.* Denne antologien er framleis under publisering (Fagbokforlaget), men skal etter det som er lova vere i handelen innan 10. februar 2015. Kursstart er 16. mars.

Om pensum meir i detalj:
I Bugge si bok er kap. 1 (Innføring i miljøforv.rett), kap. 3 og 4 (internasjonal miljørett og EØS-dimensjonen) og kap. 6 (saksbehandling) kutta. Målet er å gjere pensum lettare å integrere med det som er hovudtematikken i kurset: den allmenne forvaltningsretten. Til no har studentane opplevd pensum i miljøforvaltningsrett som noko framand i så måte. Det som står att frå boka er dei meir konkrete reglane om arealplanlegging (kap. 7, var ikkje med tidlegare), naturmangfald (kap. 8) og forureining (kap. 9). Til saman 110 sider. NETTO er det tale om kutt av 70 sider frå Bugges bok.

I Kjønstad/Syse, Velferdsrett I, har eg også kutta om lag 70 sider: kap. 4 om kommunehelsetenesta er ute, tilsvarande enkelte tema om tvang. Det som står att er kap. 5 om rett til spesialisthelsetenester og kap. 10 om tvang, t.o.m. punkt 10.6 – herunder framstillinga av reglane om tvang i psykisk helsevern. Dette burde vere tilstrekkeleg til å gje ein smakebit frå den spesielle forvaltningsrett som skal byggjast saman med det allment forvaltningsrettslege. Det står att ca. 90 sider frå boka, NETTO kutt der er då på om lag 70 sider.

Frå Eckhoff/Smith som framleis er hovudboka, er kutta kap. 10 om «bevilgningsmyndighet» mm., kap. 27 (konsesjonar), kap. 28 (monopol og off. stønad), kap. 31 (handheving) og kap. 23 (tilsyn og kontroll). Totalt kutt på om lag 55 sider.

Frå Søvig (red.) sin antologi om forholdsmessigvurderingar er teke inn kap. 2 (JF Bernt), kap 3 (Niels Fenger om EU/EØS), kap. 4 (Jørgen Aall om EMK), og endeleg kap. 10 (Søvig om velferdsmessige tvangsinngrep). Totalt er om lag 110 sider lagt til pensum frå denne boka.

Totalt sidetal er etter dette 512 – norma ut frå kurset sin storleik (17 studiepoeng) er 510. Dette inneber at det totale sidetalet er kutta med 80–90 sider samanlikna med tidlegare. Det er vidare ført opp eit utval av aktuelle tekstar som tilleggslitteratur.

Ei innvending kan vere at hovudlitteraturen er spreidd over 4 bøker, mot tidlegare 3. Det inneber, i utgangspunktet, endå ei bok å kjøpe for studentane. Å trekkje inn antologien til Søvig er likevel ønskeleg ut frå faglege grunnar. Dels for å gje pensum ein internasjonal dimensjon, dels for å få inn tekstar med større akademisk djupn, og eg har måtte leggje avgjerande vekt på dette.

Det juridiske fakultet, 07.01 2015

Bjørn Henning Østenstad
Kursansvarleg for Forvaltningsrett II

Vedlegg:
- Framlegg til læringsmål
- Framlegg til pensum

Mål og innhald
Forvaltningsrett er rettsreglane om organisering, ansvarsforhold og vedtakskompetanse i offentleg forvaltning, og om dei rettar og plikter borgarane har overfor forvaltninga. Offentleg forvaltning omfattar både organ for stat og kommune, samt private som treff avgjerd på vegne av det offentlege om rettar og plikter for borgarane. Konkret kan dette vere kollegiale organ, som kommunestyre eller styret ved Universitetet i Bergen, eller administrative organ som rådmannen i ein kommune, fylkesmannen og departementa. Stortinget og domstolane er offentlege organ, men ikkje ein del av forvaltninga.

Tema for universitetsfaget forvaltningsrett, er dei generelle reglane som gjeld for heile den offentlege forvaltninga eller dei største og mest sentrale delane av denne – det som også blir kalla allmenn forvaltningsrett. Ved Universitetet i Bergen er studiet av forvaltningsretten delt i to. *Forvaltningsrett I* (jus 111) tek først og fremst sikte på å gje grundig kjennskap til reglane om forvaltninga si sakshandsaming nedfelt i forvaltningslova. I tillegg gjev *Forvaltningsrett I* ei innføring i hovudtrekka i den allmenne forvaltningsretten elles. *Forvaltningsrett II* (jus 123) byggjer vidare på dette, og tek sikte på å gje studentane ein meir inngåande kunnskap i dei personelle og materielle kompetansespørsmål, samt verknadene av kompetansesvikt. I del II blir også teke opp enkelte emne frå den spesielle forvaltningsrett som er eigna til å illustrere prinsipielle spørsmål.

Læringsutbyte/resultat

Etter at kurset i *Forvaltningsrett II* er gjennomført, skal studentane som læringsutbyte ha <u>grundig kunnskap</u> om følgjande:

- Dei særlege metodiske problemstillingane som den allmenne forvaltningsretten reiser.
- Det juridiske kompetanseomgrepet, herunder forholdet mellom ulike typar kompetanse.
- Personelle kompetansespørsmål, mellom anna delegasjon.
- Kravet om heimel (materiell kompetanse) i forvaltningsretten, særleg om når heimel i formell lov trengst, og i den samanheng innhald og utstrekning av det tradisjonelle norske legalitetsprinsippet. Det blir forventa kjennskap til hovudelementa i det EMK-rettslege heimelskravet.
- Spørsmålet om forholdsmessigheit (proporsjonalitet) som skranke for forvaltninga si utøving av kompetanse, både ut frå tradisjonelle norske rettskjelder, EU-/EØS-retten og EMK-retten.
- Skiljet mellom rettsbruksskjønn og forvaltningsskjønn, inklusive forholdet mellom desse omgrepa og domstolskontrollen, samt dei rettslege skrankane som gjeld ved forvaltningsskjønn.
- Forvaltninga sin kompetanse til å stille vilkår for vedtak, avtalekompetanse og kompetanse til førehandsbinding (av kompetanse).

- Dei rettslege konsekvensane av kompetansesvikt, særleg om når eit vedtak blir ugyldig.
- Utvalde problemstillingar frå høvesvis miljøretten og helse- og sosialretten, med vekt på korleis desse emna frå den spesielle forvaltningsrett samspelar med dei allmenne forvaltningsrettslege prinsippa.

Etter at kurset i *Forvaltningsrett II* er gjennomført, skal studentane som læringsutbyte ha tileigna seg følgjande ferdigheiter:

- Bruk av allmenne forvaltningsrettslege prinsipp i analysen av problemstillingar frå ulike greiner av ei mangslungen offentleg forvaltning, også med utspring i sektorlovgjeving eller faktiske problemstillingar som ikkje har vorte fokusert uttrykkjeleg under kurset.
- Kunne innhente og systematisere rettsleg relevant materiale, og på grunnlag av dette identifisere problemstillingar og samanhengar og kunne føreta ein sjølvstendig analyse ut frå eit samansett rettskjeldebilete.
- Kunne vurdere kritisk godleiken av element i den ulovfeste forvaltningsretten ut frå grunnleggjande verdiar som rettstryggleik.

Etter at kurset i *Forvaltningsrett II* er gjennomført, skal studentane som læringsutbyte ha styrkt sin generelle kompetanse til å

- tileigne seg ny kunnskap om juridiske emne,
- systematisere og analysere eit komplekst rettsleg materiale, også med utspring i kjelder ein ikkje har kjennskap til eksistensen av frå før,
- formidle juridisk analyse, gje råd og ta standpunkt,
- presentere og argumentere for eigne vurderingar og konklusjonar, både skriftleg og munnleg,
- arbeide sjølvstendig og i grupper.

Pensum i jus 123 (Forvaltningsrett II), studieåret 2014/2015

Hovudlitteratur:

1. Torstein Eckhoff og Eivind Smith, *Forvaltningsrett,* 10. utg. 2014: kapitla. 8, 9, 23–26 og 29, 30 og 33.
2. Karl Harald Søvig (red.): *Forholdsmessighetsvurderinger i forvaltningsretten*, 2015: kapitla 2–4 og 10.
3. Asbjørn Kjønstad og Aslak Syse, *Velferdsrett I,* 5. utg. 2012: kapittel 5 og kapittel 10 (punkta 10.1–10.6).
4. Hans Chr. Bugge, *Lærebok i miljøforvaltningsrett,* 3. utg. 2011: kapitla 7–9.

Tilleggslitteratur:

- Torstein Eckhoff og Eivind Smith, *Forvaltningsrett,* 10. utg. 2014: kapitla. 1–4, 6, 10, 27–28 og 31–32. Kan dels tene som ein repetisjon av sentrale grunnomgrep og omsyn, nemnt allereie under Forvaltningsrett I (jus 111), dels som ei utfylling av hovudlitteraturen i djupn og breidd.
- Karl Harald Søvig (red.): *Forholdsmessighetsvurderinger i forvaltningsretten*, 2015: resten av boka. Fyller ut hovudlitteraturen både i breidd og djupn.
- Asbjørn Kjønstad og Aslak Syse, *Velferdsrett I,* 5. utg. 2012: kapitla 2, 4 og kapittel 10 (punkta 10.7–10.11). Fyller ut hovudlitteraturen i breidd og til dels også i djupna.
- Hans Chr. Bugge, *Lærebok i miljøforvaltningsrett,* 3. utg. 2011: kapittel 1 og 5. Kapittel 1 fyller ut i djupn og breidd. Kapittel 5 pensum under tingsrettskurset, men kan no vere nyttig som ein repetisjon.
- Legalitetsprinsippet – meir djuptloddande enn hovudlitteraturen:
    - Roald Hopsnes og Raymond Solberg: «Legalitetsprinsippet», *Jussens Venner,* 2005 s. 77–155.
    - Jan Fridthjof Bernt: «Legalitetsprinsippet og andre hjemmelsspørsmål i den offentlige rett – noen prinsipielle betraktninger», i *Lov og frihet – festskrift til Johs. Andenæs på 70-årsdagen*, Bratholm, Anders/Christie, Nils og Opsahl, Torkel (red.), (Oslo 1982) s. 509–526. Også trykt i *Jussens Venner,* 1983 s. 119–135.
- Forvaltningsskjønn vs. rettsbruksskjønn – meir djuptloddande enn hovudlitteraturen:
    - Marius Stub: «Om «fjordlaksformelen» og forvaltningens subsumsjonsfrihet – En kommentar til Hans Petter Graver», *Lov og Rett*, 2008 s. 166–181.
    - Hans Petter Graver: «Fjordlaksformelen og forvaltningens vurderingsfrihet», *Lov og Rett*, 2007 s. 365–374.
- Spesifikt om Sårstelldommen (Rt. 2010 s. 612) – meir djuptloddande enn hovudlitteraturen om denne prinsipielt interessante, men omstridde dommen:
    - Bjørn Henning Østenstad, «Sårstelldommen (Rt. 2010 s. 612) – prejudikat for kva?», *Lov og Rett* 2014 s. 484–501.
    - Monsen, Erik: «Legalitetsprinsippet og tvangsmessig gjennomføring av vask og stell i institusjon i medhold av et snevert, ulovfestet hjemmelsgrunnlag. En kommentar til Sårstelldommen i Rt. 2010 s. 612», i *Undring og erkjennelse. Festskrift til Jan Fridthjof*

Bernt. 70 år, Søvig, Karl Harald/Schütz, Sigrid Eskeland og Rasmussen, Ørnulf (red.) (Bergen 2013) s. 419–429.

- Aslak Syse «'Huleboerdommen' (LoR 2011 s. 283) – feil navn og uklart innhold? – En kommentar», *Lov og Rett*, 2011 s. 628–637
- Njål Wang Andersen og Karl O. Wallevik, «'Huleboerdommen' – riktig diagnose, feil medisin?», *Lov og Rett*, 2011 s. 283–297.
- Alice Kjellevold og Henriette Sinding Aasen, «Huleboer-dommen og bruk av tvang i sykehjem: Rt. 2010 s. 612», *Tidsskrift for erstatningsrett, forsikringsrett og velferdsrett*, 2011 s. 50–68.